

ÅRDAL KOMMUNE

Reglement for delegering av avgjerdsrett

Delegering av avgjerdsrett frå kommunestyret
til formannskap og rådmann

Gjeldande frå 01.01.12



DEL 1 VEDTAK OG PRINSIPIELLE UTGANGSPUNKT..... 4

1.1	LOVGRUNNLAG, MÅL OG OVERORDNA PRINSIPP:.....	4
1.1.1	Vedtak:.....	4
1.1.2	Lovgrunnlaget:.....	4
1.1.3	Målsetjing:.....	4
1.1.4	Overordna prinsipp:.....	5
1.2	POLITISK ORGANISERING:.....	5
1.2.1	Politisk nivå:.....	5
1.3	DEFINISJONAR:.....	6
1.3.1	Organ:.....	6
1.3.2	Delegering:.....	6
1.3.3	Kurante saker:.....	6
1.3.4	Prinsipiell sak:.....	6
1.4	HOVUDPRINSIPP:.....	6
1.4.1	Kommunestyret:.....	6
1.4.2	Formannskap:.....	7
1.4.3	Utval:.....	7
1.4.4	Rådmannen:.....	7
1.4.5	Ordførar:.....	7

DEL 2 REGLEMENT FOR DELEGERING 7

2.1	RETNINGSLINER:.....	7
2.1.1	Generelt:.....	7
2.1.2	Budsjett:.....	7
2.1.3	Unnatak:.....	8
2.1.4	Tvilstilfelle:.....	8
2.1.5	Sakshandsaming:.....	8
2.1.6	Vidaredelegering:.....	8
2.1.7	Intern delegering:.....	8
2.1.8	Omgjering av vedtak:.....	8
2.1.9	Mindretalsanke:.....	8
2.1.10	Tilbaketrekking av delegert mynde:.....	8
2.1.11	Handsaming av overordna organ:.....	8
2.1.12	Andre reglement:.....	8
2.1.13	Klageordning:.....	9
2.1	LOV OG REGELVERK:.....	9
2.2	DELEGERINGSOVERSYN:.....	10
2.2.1	KOMMUNELOVA AV 25.09.92.....	10
2.2.2	VALLOVA AV 01.03.85 NR. 3.....	10
2.2.3	FORVALTNINGSLOVA AV 10.02.67.....	10
2.2.4	STRAFFELOVA AV 22.05.1902 NR. 10.....	10
2.2.5	SKATTEBETALINGSLOVA AV 25.11.52 NR. 2.....	10
2.2.6	INDUSTRIKONSESJONSLOVA AV 14.12.17.....	10
2.2.7	VASSDRAGSREGULERINGSLOVA AV 14.12.17.....	10
2.2.8	LOV OM VASSDRAG OG GRUNNVATN AV 24.11.2000.....	10
2.2.9	LOV OM TINGLYSING AV 07.06.35 NR. 2.....	10
2.2.10	SERVERINGSLOVA AV 13.06.97 NR. 55.....	11
2.2.11	LOV OM ERVERV AV FAST EIGEDOM (KONSESJONSLOVA) AV 28.11.2003.....	11
2.2.12	ODELSLOVA AV 28.06.74 NR. 58.....	11
2.2.13	JORDLOVA AV 12.05.95 NR. 23.....	11
2.2.14	BEITELLOVA AV 16.06.1961.....	11
2.2.15	SKOGBRUKSLOVA AV 21.05.65.....	11
2.2.16	VILTLOVA AV 29.05.81 NR. 38.....	11
2.2.17	LOV OM NATURVERN AV 19.06.70 NR. 63.....	11
2.2.18	LOV OM MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG AV 10.06.77 NR. 82.....	12
2.2.19	LOV OM KOMMUNALE VASS- OG KLOAKKAVGIFTER av 31.05.1974 NR 17.....	12
2.2.20	FORUREININGSLOVA AV 13.03.81 NR. 6.....	12
2.2.21	LOV OM FRILUFTSLIVET AV 28.06.57 NR 16.....	12
2.2.22	HUNDELOVA AV 01.01.04.....	12

2.2.23	LOV OM FILM OG VIDEOGRAM AV 15.05.87 NR. 21	12
2.2.24	LOV OM FOLKEBIBLIOTEK AV 20.12.85 NR. 108	12
2.2.25	LOV OM GRUNNSKULEN VIDAREGÅANDE OPPLÆRING AV 09.06.98 NR. 61	13
2.2.26	LOV OM BARNEHAGAR AV 17.06.2005 NR. 64 (Sist endra pr. 01.08.2010).....	13
2.2.27	LOV OM KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER av 01.01.2012.....	14
2.2.28	LOV OM SOSIALE TENESTER I ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNINGA	14
2.2.29	LOV OM FOLKEHELSEARBEID.....	14
2.2.30	LOV OM PASIENT- OG BRUKARRETTAR	14
2.2.31	DEN NORSKE STATS HUSBANK AV 01.03.46.....	14
2.2.32	LOV OM BARNEVERNSTENESTER AV 17.07.92 NR. 100.....	14
2.2.33	ALKOHOLLOVA AV 02.06.89 NR. 27	15
2.2.34	PLAN OG BYGNINGSLOVA 14.06.85 NR. 77 (Endringslov 05.05.95).....	15
2.2.35	LOV OM EIGARSEKSJONAR AV 23.05.97 NR. 31	15
2.2.36	BRANN OG EKSPLOSJONSVERNLOVA AV 14.06.2002 NR 20	15
2.2.37	VEGLOVA AV 21.06.63 NR. 23.....	15
2.2.38	VEGTRAFIKKLOVA AV 18.06.65 NR. 4 OG FORSKRIFTER	15
2.2.39	YRKESTRANSPORTLOVA AV 19.12.03 NR 132.....	16
2.2.40	LOV OM FORPAKTING AV 23.06.88	16
2.2.41	LOV OM STADNAMN AV 18.05.90 NR. 11	16
2.2.42	TOBAKKSKADELOVA	16
2.2.43	FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKOLAR	16
2.2.44	LOV OM DELING AV 23.06.78	16
2.2.45	LOV OM LAKSEFISKE OG INNLANDSFISKE AV 15.05.92 NR. 47.....	16
2.2.46	LOV OM ARBEIDARVERN OG ARBEIDSMILJØ 02.04.77 NR 4 - PERSONAL	16
2.2.47	HOVUDAVTALE FOR KOMMUNE OG STAT.....	16
2.2.48	ØKONOMI.....	17
2.2.49	ADOPSJONSLOVA.....	17
2.2.50	LOV OM TILSKOT TIL TRUSSAMFUNN.....	17
2.2.51	LOV OM VERN MOT SMITTSAME Sjukdomar	17
2.2.52	GRANNELOVA AV 16. JUNI 1961 NR 15	17
2.2.53	LOV OM HAMNER OG FARVATN	17
2.2.54	LOV OM KYRKJER, KREMASJON OG GRAVFERD	17
2.2.55	LOV OM MATPRODUKSJON OG MATTRYGGLEIK AV 19.12.2003 NR 124.....	17
2.2.56	PRODUKTKONTROLLLOVA AV 11.06.76 NR 79	17
2.2.57	LOV OM HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP	17
2.2.58	FORSKRIFT OM FORLIKSRÅD AV 16.12.05.....	17
2.2.59	YMSE FULLMAKTER	18
2.3	VAL, OPPNEMNINGAR OG REPRESENTASJON	18
DEL 3	IVERKSETJING:.....	19
3.1	GJELDANDE REGLEMENT/VEDTEKTER.....	19

Del 1 Vedtak og prinsipielle utgangspunkt

1.1 Lovgrunnlag, mål og overordna prinsipp:

1.1.1 Vedtak:

Kommunestyret gjorde i sak 018/12 slikt vedtak:

- 1. Med heimel i kommunelova § 6 får formannskapet delegert mynde i samsvar med vedlagde "Reglement for delegering av avgjerdsrett".*
- 2. Med heimel i kommunelova § 23 nr 4 får rådmannen delegert mynde til å ta avgjerd i einskildsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell betydning slik det går fram av vedlagde "Reglement for delegering av avgjerdsrett".*
- 3. Alle tidlegare vedtekne reglement / vedtekter og retningsliner gjeld framleis. Dersom mynde i gjeldande reglement / vedtekter og retningsliner ikkje samsvarar, gjeld dette reglementet framfor tidlegare vedtekne reglement / vedtekter og retningsliner.*

1.1.2 Lovgrunnlaget:

Etter kommunelova av 1992 er alt mynde lagt til kommunestyret.

Lov om kommunar og fylkeskommunar:

§ 6:

Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.

§ 23 punkt 4:

Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

1.1.3 Målsetjing:

Målsetjinga med delegering av mynde er å legge til rette for tenlege og effektive arbeidsformer og vedtaksprosessar. Ved å delegere mynde til administrasjonen til å ta avgjerd i kurante saker, oppnår ein:

- At politisk organ får nytta meir tid til prinsippsaker og utviklingsaker / plansaker.
- At administrative ressursar i størst mogleg grad vert nytta til tilrettelegging av prinsippsaker, skjønnsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.
- At meir av ressursane går til tenesteproduksjon.

1.1.4 Overordna prinsipp:

Følgjande er lagt grunn ved utarbeiding av reglementet:

- Tydeleg ansvar og mynde.
- Avgjerdsmynde på lågast mogleg nivå.
- Effektiv vedtaksprosess.
- Ivareta / sikre likskap og rettar til befolkninga.
- Gode rutinar for rapportering ved utøving av mynde.

1.2 Politisk organisering:

1.2.1 Politisk nivå:

Etter kommunevalet i 2007 var gjennomført ny politisk organisering med tre politiske organ for handsaming av saker, med eige mynde til å treffa vedtak / gje innstilling:

- Formannskap
- Utval for barnehage skule og kultur
- Utval for helse-, sosial- og omsorgstenester
- Utval for tekniske tenester

Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28. Er formannskapet underutval i ei klagesak vil kommunestyret tre inn som klagenemnd.

Val for kommunestyreperioden 2011 - 2015:

Utval for barnehage, skule og kultur
Utval for helse-, sosial og omsorgstenestene
Utval for tekniske tenester
Administrasjonsutval (partsamansett)
Ungdomsråd – representasjon frå kommunestyret
Eldreråd
Kommunalt råd for funksjonshemma
Kontrollutval
Kyrkjeleg fellesråd
Overformynderi
Framlegg til kandidatar til likningsnemnd for Sogn likningskontor
Framlegg til overlikningsnemnd for Sogn likningskontor
Møtefullmektigar i forliksrådet
Taktstnemnd for eigedomsskatt
Overtakstnemnd for eigedomsskatt
Heimevernsnemnd

Kommunalt beredskapsråd
Årdal hamnestyre (formannskapet)
Styremedlem til nasjonalparkstyret
Medlemer til styret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
Styre for Årdal Energi KF
Styre for Årdal Utvikling
Styremedlem Reisemål Årdal
Medlemer til forstandarskap ISSB
Styre for Årdal Landbruksfond
Vassregionutval – kommunal representant
Styremedlem til nasjonalparkstyret
Medlemer til Årdal fjellstyre
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane – kandidatar til styret

1.3. Definisjonar:

1.3.1 Organ:

- Eit organ er definert som kommunestyret, formannskap, eit politisk utval eller rådmannen.

1.3.2 Delegering:

- Overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til, kan treffe avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegner av det delegerande organet.
- Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gjev frå seg mynde eller ansvar på vedkomande område.
- Den som delegerer mynde, kan når som helst trekkje tilbake det mynde som er delegert.

1.3.3 Kurante saker:

- Avgjerder som er fagleg prega og følgjer lov og føresegner.
- Avgjerder som følgjer av regelverk og kommunen sine egne plan- og retningslinevedtak
- Avgjerder som inneber låg grad av skjøn.
- Saker som ikkje har økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammer for planlagt aktivitet.

1.3.4 Prinsipiell sak:

- Avgjerd som krev ei breiare skjønnsmessig vurdering.
- Avgjerd som inneber politiske vurderingar og / eller prioriteringar.
- Avgjerd der ein innleier ein ny praksis.
- Avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

1.4. Hovudprinsipp:

Ved delegering av avgjerdsrett og oppgåvedeling mellom ulike organ er følgjande lagt til grunn:

1.4.1 Kommunestyret:

- Vedtaksmynde i overordna planar.
- Vedtaksmynde ved fordeling av ressursar mellom dei ulike tenesteområda (funksjonar).
- Vedtaksmynde i reglement som er vesentleg for prioritering av tenesteproduksjonen.
- Vedtaksmynde i reglement for politisk styringssystem.
- Vedtaksmynde i alle prinsipielle saker som ikkje er positivt delegert.
- Vedtaksmynde i reglement / hovudprinsipp for kommunale tilskotsordningar

1.4.2 Formannskap:

- Vedtaksmynde ved prinsipielle saker innanfor tenestetilbod /definere nivå på tenestetilbod.
- Vedtaksmynde ved prinsipielle saker innanfor gjeldande driftsbudsjett.
- Utvida mynde i hastsaker (Kommunelova § 13)
- Vurdere utvikling av dei ulike tenestetilboda.
- Vedtaksmynde som fast utval for plansaker.
- Normalt gjere framlegg til vedtak i saker som skal til kommunestyret
- Vedtaksmynde som valstyre.
- Vedtaksmynde som klagenemnd etter forvaltningslovalov § 28, 2. ledd
- Vedtaksmynde som hamnestyre (Jamfør forskrift om bruk og orden i Årdal Hamn)
- Vedtaksmynde som vilt- og innlandsfiskenemnd

1.4.3 Utval:

- Utval for barnehage skule og kultur
- Utval for helse-, sosial og omsorgstenestene
- Utval for tekniske tenester

Utvala gjer vedtak og gjev innstilling til formannskap og kommunestyre og er styringsgruppe for planarbeid og prosjekt innanfor kvar sine arbeidsområde.

1.4.4 Rådmannen:

- Vedtaksmynde i kurante saker, med unntak av saker der kommunestyret gjennom reglement eller positivt under del 2 legg dette myndet til politiske organ.
- Vedtaksmynde i saker som gjeld forhold mellom kommune som arbeidsgjevar og den einskilde tilsette slik det går fram av reglement i Handbok for tilsette i Årdal kommune
- Mynde til å disponere budsjett innanfor kvart tenesteområde (funksjon).
- Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler innanfor normal drift.

1.4.5 Ordførar:

- Ordføraren kan fastsetje saksgangen for prinsipielle saker.

Del 2 Reglement for delegering

2.1 Retningslinjer:

2.1.1 Generelt:

Det er ein føresetnad at kommunestyret skal handsame saker dersom det i lov er fastslege, eller det er grunn til å hevde at kommunestyret må avgjere saka, eller at saka sin art tilseier at kommunestyret sjølv må avgjere saka. Reglementet gjev ein samla oversikt over avgjerdsrett som er delegert frå kommunestyret til andre organ.

2.1.2 Budsjett:

All delegering av avgjerdsrett frå kommunestyret føreset budsjettmessig dekning innanfor kvart tenesteområde (funksjon) sine rammer.

2.1.3 Unnatak:

Når det vert delegert frå politiske organ til administrasjonen, går denne delegasjonen alltid til rådmannen. Dette med unnatak av der det i særlover spesifikt seier at eventuell delegasjon skal leggjast til reine fagfunksjonar.

2.1.4 Tvilstilfelle:

I tvilstilfelle om ei sak er kurant eller ikkje kan rådmannen:

- avklare dette med ordførar.
- leggja saka fram for formannskapet som ei einskildsak
- trekkja ut dei prinsipielle spørsmåla og leggje dei fram for politisk handsaming før einskildsaka vert avgjort administrativt.

2.1.5 Sakshandsaming:

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglar som fylgjer av lover, forskrifter, reglement og god forvaltningsskikk, og elles innanfor plan- og budsjетtrammer som er fastsett av kommunestyret eller anna overordna organ.

Det organ som utøver delegert mynde, har til ei kvar tid ansvaret for at myndet er innanfor gjeldane lov, forskrift, reglement og overordna vedtak.

2.1.6 Vidaredelegering:

Eit organ med vedtaksmynde kan, så lenge det ikkje er hinder som er fastsett i lov, retningsliner eller i overordna vedtak, vidaredelegere mynde.

2.1.7 Intern delegering:

For delegering av mynde internt i administrasjonen skal det utarbeidast eige reglement.

2.1.8 Omgjering av vedtak:

Eit organ med vedtaksmynde kan på eige initiativ gjere om eige eller underordna organ sine vedtak, jf. Forvaltningslova § 35.

2.1.9 Mindretalsanke:

I saker der formannskapet har fått delegert mynde frå kommunestyret, kan 2 medlemmer eller ordførar før møtet er slutt, krevje saka lagt fram for kommunestyret.

2.1.10 Tilbaketrekking av delegert mynde:

Delegert mynde kan når som helst trekkjast attende. Eit overordna organ som har mynde, kan krevja å få ei sak til avgjerd, jf. Kommuneleva § 60 nr. 1.

2.1.11 Handsaming av overordna organ:

Det organ som har fått mynde, kan i særskilte høve be overordna organ om å gjere vedtak. Overordna organ kan instruere den som har fått delegert mynde, til å nytte dette.

2.1.12 Andre reglement:

I tillegg til delegasjonsreglementet vil administrasjonen sin avgjerdsrett vere heimla i:

- Personalhandbok
- Økonomireglement ÅLAV

2.1.13 Klageordning:

Klage på enkeltvedtak etter særlover (opplæringslov, lov om helse- og omsorgstenester) ver handsama etter egne prosedyrer i og med at det er fylkesmannen som er klageinstans.

2.1 Lov og regelverk:

1. Kommunelova
2. Vallova
3. Forvaltningslova
4. Straffelova
5. Skattebetalingslova
6. Industrikonsesjonslova
7. Vassdragsreguleringslova
8. Lov om vassdrag og grunnvatn
9. Tinglysningslova
10. Serveringslova
11. Konsesjonslova
12. Odelslova
13. Jordlova
14. Beitelova
15. Skogbrukslova
16. Viltlova
17. Naturvernlova
18. Motorferdsel i utmark og vassdrag
19. Kommunale vass- og kloakkavgifter
20. Forureiningslova
21. Friluftsløva
22. Hundelova
23. Lov om film og videogram
24. Lov om folkebibliotek
25. Opplæringslova
26. Barnehagelova
27. Lov om kommunal helse- og omsorgsteneste
28. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga
29. Lov om folkehelsearbeid
30. Lov om pasient- og brukarrettar
31. Barnevernslova
32. Lov om husbanken
33. Alkohollova
34. Plan- og bygningslova
35. Eigarseksjonslova
36. Brann- og eksplosjonsvernlova
37. Veglova
38. Vegtrafikklova
39. Yrkestransportlova
40. Forpaktingslova
41. Lov om stadnamn
42. Tobakkskadelova
43. Føresegn om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
44. Delingslova
45. Laksefiske og innlandsfiskeleva
46. Arbeidsmiljølova / Personal
47. Hovudavtale for kommune og stat
48. Økonomi
49. Adopsjonslova
50. Lov om trussamfunn
51. Lov om vern mot smittsame sjukdomar
52. Grannelova
53. Lov om hamner og farvatn
54. Kyrkjer, kremasjon og gravferd
55. Matlova
56. Lov om produktkontroll
57. Helsemessig og sosial beredskap
58. Forskrift om forlikråd
59. Ymse fullmakter

2.2 Delegeringsoversyn:

Nr	LOV/FØRESEGN	
1.	2.2.1 KOMMUNELOVA AV 25.09.92	Delegert til
	§ 9 nr. 3 Mynde til å underteikne på kommunen sine vegner : - når vedtakskompetansen er delegert til rådmannen	Rådmannen
	§ 13 Utvida mynde i hastesaker	Formannskapet
	§ 15 - Fritak for eit kortare tidsrom (inntil 6 mnd)på politiske verv	Ordførarar
	- § 23, nr 4 Avgjerdsmynde i einskildsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betydning	Rådmannen
	Kapittel 9: Gjeld § 50 (Opptak av lån) - Tidspunkt for å setje i verk opptak av lån - Godkjenning av lånevilkår / nye lån og refinansiering - Opptak av konverteringslån utan utviding av lånesummen	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	Kapittel 11: Kommunale foretak - §§ 72, nr 1 og nr 2 Tilhøvet til kommunen sin administrasjon (instruksjonsmynde)	Rådmannen
2.	2.2.2 VALLOVA AV 01.03.85 NR. 3	
	- § 4 – 2 Røystestyre - Val av medlemmer/varamedlemmer til røystestyret	Formannskapet
3.	2.2.3 FORVALTNINGSLOVA AV 10.02.67	
	- § 28, 2. ledd Klageinstans ved enkeltvedtak	Formannskapet
4.	2.2.4 STRAFFELOVA AV 22.05.1902 NR. 10	
	Krav om offentlig påtale i saker der kommunen er part	Rådmannen
5.	2.2.5 SKATTEBETALINGSLOVA AV 25.11.52 NR. 2	
	- § 41 Om ettergjeving av skatt - § 41 Ettergjeving av skatt inntil 50.000 kr - § 42, 1. og 2. ledd: oppnemning av skatteutval	Formannskapet Formannskapet Formannskapet
6.	2.2.6 INDUSTRIKONSESJONSLOVA AV 14.12.17	
	- § 2 nr. 13 , 6. ledd og § 5 nr. 2 Bruk av konsesjonskraftmidlar	Formannskapet
7.	2.2.7 VASSDRAGSREGULERINGSLOVA AV 14.12.17	
	- § 11, nr. 2 , 2. ledd: Bruk av konsesjonsavgift	Formannskapet
8.	2.2.8 LOV OM VASSDRAG OG GRUNNVATN AV 24.11.2000	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
9.	2.2.9 LOV OM TINGLYSING AV 07.06.35 NR. 2	
	- § 38b Høve til å krevje grunnboksheimel til veg som kommunen eig	Rådmannen

10.	2.2.10 SERVERINGSLOVA AV 13.06.97 NR. 55	Delegert til
	- § 3 Løyve	Rådmannen
	- § 13 Kontroll av serveringsstad	Rådmannen
	- § 15 Unntak frå gjeldande opningstider	Rådmannen
	- § 18 Suspensjon av løyve	Rådmannen
	- § 19 Tilbakekalling av løyve	Formannskapet
	- § 22 Overdraging av serveringsløyve	Rådmannen
11.	2.2.11 LOV OM ERVERV AV FAST EIGEDOM (KONSESJONSLOVA) AV 28.11.2003	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
	- § 2, jamfør og kap. 4, søknader om erverv av fast eigedom og vilkår for konsesjon	Formannskapet
	- § 5, siste ledd jf. og § 11. Søknad om fritak frå bu- og driveplikta utover 3 år og andregongssøknad	Formannskapet Formannskapet
	- § 16 Tilbaketrekking av konsesjon	Formannskapet
12.	2.2.12 ODELSLOVA AV 28.06.74 NR. 58	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
	- § 27a. Søknad om fritak frå bu- og driveplikt utover 3 år og andregangssøknad	Formannskapet
13.	2.2.13 JORDLOVA AV 12.05.95 NR. 23	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
	- § 8 Vern av dyrka mark. Vanhevd.	Formannskapet
	- § 12 Saker som gjeld deling av driftseining.	Formannskapet
	- § 18 Tildeling av SMIL-midlar	Formannskapet
	- Forskrift om nydyrking der det kjem inn innvendingar frå høyringsinstansane	Formannskapet
14	2.2.14 BEITELOVA AV 16.06.1961	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
15.	2.2.15 SKOGBRUKSLOVA AV 21.05.65	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
	- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar der det kjem innvendingar frå høyringsinstansane	Formannskapet
16.	2.2.16 VILTLOVA AV 29.05.81 NR. 38	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
	- § 16 Fastsetjing av minsteareal for fellingsløyve	Formannskapet
	- § 37 Samanslåing ti felles viltområde	Formannskapet
	- § 38 Samanslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt	Formannskapet
17.	2.2.17 LOV OM NATURVERN AV 19.06.70 NR. 63	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen

18.	2.2.18 LOV OM MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG AV 10.06.77 NR. 82	Delegert til
	- Ervervsmessig løyve, unntakstilfelle etter § 6 i forskrift og dispensasjon frå kommunale retningsliner	Formannskapet
	- Avgjerdsmynde i enkeltsaker etter § 6 i lova og § 5 i forskrifta	Rådmannen
	- Dispensasjon frå kommunale retningsliner i høve til § 3 i ”Forskrift for bruk av motokøyrety i utmark”	Rådmannen
19.	2.2.19 LOV OM KOMMUNALE VASS- OG KLOAKKAVGIFTER av 31.05.1974 NR 17	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
20.	2.2.20 FORUREININGSLOVA AV 13.03.81 NR. 6	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
	- §§ 73, 3. ledd, 79, 3. ledd Krav om påtale	Formannskapet
21.	2.2.21 LOV OM FRILUFTSLIVET AV 28.06.57 NR 16	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
22.	2.2.22 HUNDELOVA AV 01.01.04	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
23.	2.2.23 LOV OM FILM OG VIDEOGRAM AV 15.05.87 NR. 21	
	- § 2, 1. ledd Kommunalt løyve	Rådmannen
24.	2.2.24 LOV OM FOLKEBIBLIOTEK AV 20.12.85 NR. 108	
	- § 4 Fastsetjing av reglement	Formannskapet

25.	2.2.25 LOV OM GRUNNSKULEN VIDAREGÅANDE OPPLÆRING AV 09.06.98 NR. 61	Delegert til
	Kapittel 2: Rett og plikt til grunnskuleopplæring - § 2-1 3. ledd Utsett skulestart - 2-1 4. ledd fritak frå undervisningsplikt - Offentleg påtale og bøter når foreldra held borna borte frå skulen	Rådmannen Rådmannen Formannskapet
	§ 2-2 Omfanget av grunnskuleopplæring i tid - Skuleruta, ferie, fridagar	Rådmannen
	- § 2-3a Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa	Rådmannen
	- § 2-6 Teiknspråkopplæring (vedtak)	Rådmannen
	- § 2-9 Ordensreglement og liknande	Rådmannen
	- § 2-11 Gi einskildelevar fri inntil 2 veker	Rådmannen
	Kapittel 4: Vidaregåande opplæring i bedrift - § 4-5 Lærekontrakt (inngåing av) - § 4-6 Endring og heving av lærekontrakt	Rådmannen Rådmannen
	Kapittel 4A : Opplæring spesielt organisert for vaksne - § 4A-1 Rett til grunnskuleopplæring for vaksne - § 4A-2 Rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område (jamfør § 13-1) - § 4A-9 Bortvising av vaksne	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	Kapittel 5 Spesialundervisning - § 5-1 Rett til spesialundervisning - § 5-7 Spesialpedagogisk hjelp før opplærings-pliktig alder	Rådmannen Rådmannen
	Kapittel 8: Skolen - § 8-1 Individuelle søknader om å gå på annan skule - § 8-2 Flytting av elev til annan skule	Rådmannen Rådmannen
	Kapittel 10 Personalet i skulen - § 10-9, 2. ledd (krav om politiattest for andre)	Rådmannen
	Kap 11 Organ for brukarmedverknad i skulen - § 11 – 1 Val av kommunal representantar i SU	Formannskapet
	Kapittel 13: Ansvar til kommunen - § 13-10 Ansvarsomfang (forsvarleg system for vurdering)	Rådmannen
26.	2.2.26 LOV OM BARNEHAGAR AV 17.06.2005 NR. 64 (Sist endra pr. 01.08.2010)	
	Kapittel IV: Barnehagestyresmaktene sine generelle oppgåver - § 10 Godkjenning - § 12 Samordna opptak - § 16 Tilsyn	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	Kapittel V: Personalet - § 17 Dispensasjon frå utdanningskrav (styrar) - § 18 Dispensasjon frå utdanningskrav (pedagogiske leiarar) - § 19 Politiattest (for andre)	Rådmannen Rådmannen Rådmannen

27.	2.2.27 LOV OM KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER av 01.01.2012	Delegert til
	Kapittel 3: Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester - § 3-1 tredje ledd: Plikt til å planlegge m.v. - § 3-1 siste ledd: Avtale med private - § 3-2 første ledd nr 6 a: Helsetenester i heimen - § 3-2 første ledd nr 6 b: Personeleg assistanse m.v - § 3-2 første ledd nr 6 c: Plass i institusjon - § 3-2 første ledd nr 6 d: Avlastinstiltak - § 3-6 Omsorgsløn - § 3-7 Bustader for vanskelegstilte - § 3-8 Brukarstyrt personleg assistanse	Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	Kapittel 9: Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt - § 9-7 Kommunen si sakshandsaming	Rådmannen
	Kapittel 10: Tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige - § 10-1 Kommunen si plikt til å vurdere tvang etter melding frå pårørande - § 10-2 første og 4 ledd: Tilbakehalding i institusjon utan eige samtykkje - § 10-3 Tilbakehalding gravide rusmiddelavhengige	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
28.	2.2.28 LOV OM SOSIALE TENESTER I ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNINGA	
	Kapittel 4: Individuelle tenester	Rådmannen
29.	2.2.29 LOV OM FOLKEHELSEARBEID	
	Kapittel 3 Miljøretta helsevern - § 9 Kommunen sine oppgåver og delegering av mynde - § 10 3 ledd Stans av verksemd ved manglande godkjenning - § 11 Helsekonsekvensutgreiing - § 12 Opplysningsplikt - § 13 Gransking - § 14 Retting - § 15 Tvangsmulkt - § 16 Stansing ved overhengande helsefare - § 17 Overtredelsesgebyr	Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Formannskapet Rådmannen Rådmannen
30.	2.2.30 LOV OM PASIENT- OG BRUKARRETTAR	
	- § 2-8 Tiltak ved særleg tyngande omsorgsoppgåver	Rådmannen
31.	2.2.31 DEN NORSKE STATS HUSBANK AV 01.03.46	
	- Lån og tilskotsordningar	Rådmannen
32.	2.2.32 LOV OM BARNEVERNSTENESTER AV 17.07.92 NR. 100	
	§ 2-1, 2. ledd: Om oppgåver til folkevald organ § 2-1, 3. ledd: Administrasjon (peike ut barnevernsleiar) Ansvaret for oppgåver etter Lov om barnevernstenester er lagt til leiar for barnevernstenesta	Barnevernsleiar Rådmannen

33.	2.2.33 ALKOHOLLOVA AV 02.06.89 NR. 27	Delegert til
	Jamfør Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Årdal kommune.	
	§ 1-6 Løyveperiode (for ein bestemt del av året)	Formannskapet
	§ 1-7 Sals- og skjenkeløyve (i løyveperioden)	Formannskapet
	§ 1-7 Sals- og skjenkeløyve i einskilde høve	Rådmannen
	§ 1-7 c), 2. ledd Godkjenning av styrar og stedfortredar	Rådmannen
	§ 1-7 d) Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan	
	§ 1-8, jf. § 1-12 Inndraging av løyve	Formannskapet
	§ 1-9 Kontroll av sals og skjenkeløyve	Rådmannen
	§ 4-2, 4. ledd Utviding av skjenkelokale i einskilde høve	Rådmannen
	§ 4-4, 3. ledd Utviding av skjenketid i einskilde høve	Rådmannen
	§ 4-5 Ambulerande skjenkeløyve:	
	- oppretting av nye løyve	
	- tildeling	Rådmannen
	§ 7-1 Gebyr (jamfør forskrift om omsetjing av ...)	Formannskapet
	Forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk Kap. 5	
	§§ 5.2 – 5.3 Kunnskapsprøve	Rådmannen
34.	2.2.34 PLAN OG BYGNINGSLOVA 14.06.85 NR. 77 SIST ENDRA: 25.06.10 OG 24.06.11	
	Kapittel I:	
	- § 7 dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplan og utbyggingsplan	Fast utval for plansaker
	Kapittel IX: Krav om refusjon for veg, vatn og avløp	Rådmannen
	Kapittel XI:	
	- § 63 Deling av eigedom i samsvar med vedteken plan	Rådmannen
	Kapittel XVIII og XIX:	
	- Straffeansvar og ulovleg byggjearbeid	Rådmannen
	Andre reglar i plan- og bygningslova enn dei som er nemnde ovanfor	
	- prinsipielle saker, eller saker der administrasjonen tilrår avslag	Fast utval
	- kurante saker	Rådmannen
35.	2.2.35 LOV OM EIGARSEKSJONAR AV 23.05.97 NR. 31	
	§§ 7 og 12 Løyve til seksjonering og reseksjonering	Rådmannen
36.	2.2.36 BRANN OG EKSPLOSJONSVERNLOVA AV 14.06.2002 NR 20	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter vert delegert til rådmannen for vidare delegasjon til brannsjefen	Rådmannen
37.	2.2.37 VEGLOVA AV 21.06.63 NR. 23	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
38.	2.2.38 VEGTRAFIKKLOVA AV 18.06.65 NR. 4 OG FORSKRIFTER	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen

39.	2.2.39 YRKESTRANSPORTLOVA AV 19.12.03 NR 132	Delegert til
	- Mynde til å gje uttale på kommunen sine vegner i løyvesaker	Rådmannen
40.	2.2.40 LOV OM FORPAKTING AV 23.06.88	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
41.	2.2.41 LOV OM STADNAMN AV 18.05.90 NR. 11	
	- § 6 Fastsetjing av skrivemåte	Formannskapet
	- § 7 Gje uttale på vegner av kommunen	Formannskapet
42.	2.2.42 TOBAKKSKADELOVA	
	- § 6 Tilsyn	Rådmannen
	- § 6 – 10. ledd Dispensasjonar	Formannskapet
43.	2.2.43 FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKOLAR	
	- § 25 Tilsyn	Rådmannen
44.	2.2.44 LOV OM DELING AV 23.06.78	
	- Kap 1- 5 Kommunen sine oppgåver etter lova	Rådmannen
45.	2.2.45 LOV OM LAKSEFISKE OG INNLANDSFISKE AV 15.05.92 NR. 47	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
46.	2.2.46 LOV OM ARBEIDARVERN OG ARBEIDSMILJØ 02.04.77 NR 4 - PERSONAL	
	- §4 Arbeidsgjevar (jamfør § 14 Arbeidsgjevar sine plikter). Jamfør ” Handbok for tilsette i Årdal kommune ”.	Rådmannen
	- Oppretting og nedlegging av stillingar innanfor budsjettet sine rammer og føresetnader og dei retningslinjer som kommunestyret fastset	Rådmannen
	- Tilsetjingar i administrativ leing	Formannskapet
	- Tilsetjing i andre stillingar	Rådmannen
	- Suspensjon	Rådmannen
	- Oppseiing (der rådmannen har tilsetjingsmynde)	Rådmannen
	- Avskil frå stillingar der rådmannen er delegert tilsetjingsmynde (AML § 66):	Adm - utvalet
	- Permisjonar (Permisjonsreglement)	Rådmannen
	- Utdanningsstipend inntil 30.000 kr	Rådmannen
	- Utdanningsstipend over 30.000 kr	Komp.utval
	- Vedta A-runskriv frå KS	Rådmannen
	Mynde til å tinga om / fastsetja løn i samband med alle tilsetjingar og tingingar etter HTA .	Rådmannen
47.	2.2.47 HOVUDAVTALE FOR KOMMUNE OG STAT	
	§ 13-1 a) Overordna/strategiske retningslinjer for kommunen sin personalpolitikk	Adm-utval
	§ 14-2 Oppnemning av arbeidsgjevar representantar i arbeidsmiljøutvalet (AMU)	Rådmannen
	Arbeidsgjevar sine arbeidsoppgåver etter HA	Rådmannen

48.	2.2.48 ØKONOMI	Delegert til
	Fullmakter etter økonomireglement for Årdal kommune (2.3.3) I driftsbudsjettet å fordele kommunestyre si nettoramme innanfor rammeområde sentraladministrasjon (2.3.3. A)	Formannskapet
	Disponere meirinntekter inntil 300.000 kr på kvar funksjon (2.3.3 B)	Formannskapet
	Disponere avsett tilleggsøyving i årsbudsjettet (2.2.3. C)	Formannskapet
	Endring av investeringsbudsjett innan same tenesteområde / seksjon (2.3.3. D)	Formannskapet
	Disponering av øymerka statstilskot (2.3.3. E)	Formannskapet
	Mynde til å avsetje 50 % av ledige driftsmidlar til disposisjonsfond (2.3.3 Avsetjingar)	Formannskapet
	Bruk av disposisjonsfondet innanfor eige rammeområde (2.3.3 Bruk av avsetjingar – ekstraordinære tiltak)	Formannskapet
	Bruk av bundne driftsfond innanfor fullmakt i vedtektene (2.3.3 Bruk av avsetjingar)	Formannskapet
	Overføring av budsjettsummar i investeringsbudsjettet til påfølgjande budsjettår (2.3.4)	Rådmannen
49.	2.2.49 ADOPSIJONSLOVA	
	- § 16, 2. og 3. ledd	Rådmannen
50.	2.2.50 LOV OM TILSKOT TIL TRUSSAMFUNN	
	- § 19, 2. ledd – Tilskot til trussamfunn	Rådmannen
51.	2.2.51 LOV OM VERN MOT SMITTSAME SJUKDOMAR	
	Smittevernlova av 05.08.94 nr. 55 § 7-1 Kommunen sine oppgåver § 7-2 Utpeiking av smittevernlege og vikar for denne	Rådmannen Rådmannen
52.	2.2.52 GRANNELOVA AV 16. JUNI 1961 NR 15	
	- Lov om rettshøve mellom grannar	Rådmannen
53.	2.2.53 LOV OM HAMNER OG FARVATN	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
54.	2.2.54 LOV OM KYRKJER, KREMASJON OG GRAVFERD	
	- § 9, 2. ledd (ta avgjerd ved usemje) - § 9, 3. ledd (syte for gravferd)	Rådmannen Rådmannen
55.	2.2.55 LOV OM MATPRODUKSJON OG MATTRYGGLEIK AV 19.12.2003 NR 124	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
56.	2.2.56 PRODUKTKONTROLLLOVA AV 11.06.76 NR 79	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
57.	2.2.57 LOV OM HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP	
	- Årdal kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Rådmannen
58.	2.2.58 FORSKRIFT OM FORLIKSRAÐ AV 16.12.05	Delegert til
	- § 3 Utval av faste møtefullmektigar - Utpeiking av møtefullmektigar	Rådmannen

59.	2.2.59 YMSE FULLMAKTER	
	Sal av kommunale eigedomar: 1. Sal av kommunale industriareal og –tomtar, kommunale bustadareal og –tomtar, kommunale eigedomar i samsvar med rammer og fullmakter gjevne av formannskapet	Rådmannen
	Kjøp av bustader: 1. Kjøp av bustader til kommunale føremål innanfor gjeldande budsjett og retningsliner gjevne av formannskapet.	Rådmannen
	Mynde til utleige og oppseiing 1. Rekne ut og krevje inn leige i samsvar med i samsvar med vedtekne retningsliner / budsjett 2. Utleige av skular, barnehagar, kulturbygg, kulturanlegg og kommunale areal. 3. Kommunale bustader 4. Oppseiing av leigeavtaler	Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	Avtaler: 1. Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler etter retningsliner gjevne av formannskapet. 2. Mynde til å underteikne på kommunen sine vegner i saker der rådmannen har avgjerdsrett (jamfør kommunelova § 9 nr 3) 3. Mynde til prioritetsvik / fråfalle kommunal pant 4. Kjøp og sal av tenester til fritids- og kulturliv til/frå andre kommunar m.m.	Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	Tilskot: 1. Fordele tilskot til politiske parti i samsvar med sentralt og kommunalt fastsette reglar 2. Avgjere søknader om produksjonstilskot i jordbruket (statleg tilskot) 3. Gje uttale til søknader om BU-midlar, SND-midlar, avløysartilskot v / sjukdom (Statleg tilskot)	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	Uteståande krav: 1. Mynde til å avskrive beløp opp til kr 50 000	Rådmannen
	Byggherremynde: 1. Mynde til å utføre byggherremynde ved kommunale bygg	Rådmannen
	Utrangert utstyr: 1. Mynde til å selje /avhende / kassere utrangert utstyr	Rådmannen

2.3 Val, oppnemningar og representasjon

Formannskapet vel medlemmer til alle styre, råd og legat der kommunen deltek.

Ordføraren har mynde til å oppnemna utsendingar til generalforsamlingar i selskap der kommunen har interesser. Ordføraren kan velje å møte sjølv.

Del 3 Iverksetjing:

3.1 Gjeldande reglement/vedtekter

Alle tidlegare vedtekne reglement / vedtekter og retningsliner gjeld framleis. Dersom mynde i gjeldande reglement / vedtekter og retningsliner ikkje samsvarar, gjeld delegeringsreglementet framfor desse.